

Norsk

Trinn: 8. trinn

Faglærarar: Even Sætre, Kjersti Langenes Bøen, Alexander Johansen, Audhild Øksnes

Skuleår: 2024/2025

Læremiddel: Horn, Helge m.fl.: *Fabel 8. Norsk for ungdomstrinnet.*

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i norsk er å kunne samhandle med andre gjennom å lytte, fortelje og samtale. Det inneber å bruke retoriske ferdigheiter og å uttrykkje seg på formålstenleg vis i ulike spontane og førebudde kommunikasjonssituasjonar, inkludert å kunne planleggje og framføre ulike typar munnlege presentasjonar som er tilpassa mottakarane. Norsk har eit særleg ansvar for utviklinga av munnlege ferdigheiter. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i norsk går frå tidleg samhandling i leik og faglege aktivitetar til å bruke det munnlege språket stadig meir presist og nyansert i ulike norskfaglege samtalar og presentasjonar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i norsk er å kunne uttrykkje seg i eit breitt utval skjønnlitterære og sakprega sjangrar. Det inneber å utvikle personlege skriftlege uttrykksmåtar og å beherske skrivestrategiar, rettskriving og oppbygging av tekstar. Å skrive er òg ein måte å utvikle og strukturere tankar på og ein metode for å lære. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne skrive. Utviklinga av å kunne skrive i norsk går frå den grunnleggjande skriveopplæringa til å planleggje, utforme og arbeide vidare med tekstar i ulike sjangrar og tilpassa formål, medium og mottakar. Skrivning i norsk inneber å uttrykkje seg med ei stadig større språkleg sikkerheit på både hovudmål og sidemål.

Den første skriveopplæringa skal gå for seg på hovudmålet til elevane.

Å kunne lese

Å kunne lese i norsk inneber å lese både på papir og digitalt. Det inneber å kunne lese og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa, å beherske lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga og å kunne vurdere tekstar kritisk. Lesing i norsk inneber òg å lese samansette tekstar som kan innehalde skrift, bilete, teikningar, tal og andre

uttrykksformer. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne lese. Utviklinga av å kunne lese i norsk går frå den grunnleggjande avkodinga til å lese, tolke og reflektere over tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål og av ulik lengd og kompleksitet.

Den første leseopplæringa skal gå for seg på hovudmålet til elevane.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i norsk er å kunne finne, vurdere og bruke digitale kjelder i arbeid med tekst. Det inneber å bruke digitale ressursar kreativt til å skape samansette tekstar og å utvikle kritisk og etisk medvit om det å framstille seg sjølv og andre digitalt. Utviklinga av digitale ferdigheiter i norsk går frå å lage enkle samansette tekstar til å planleggje, utvikle og redigere samansette tekstar basert på kunnskap om korleis dei forskjellige uttrykksformene verkar saman. Utviklinga inneber òg å vise ein stadig større grad av sjølvstende og dømmekraft i val og bruk av digitale kjelder.

Tema: Sei det!

Periode: 34-37

Læringsmål:

- å forklare kva som kjenneteiknar ein god munnleg presentasjon
- å planleggje og halde ein presentasjon
- å gi respons på andre sine presentasjonar

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium	<ul style="list-style-type: none">• Kritisk tilnærming til tekst• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaiping• Språket som system og moglegheit	<ul style="list-style-type: none">• Demokrati og medborgarskap <p>Elevane øver på å utvikle dei munnlege og skriftlege retoriske ferdigheitene til elevane, slik at dei kan gi uttrykk for eigne tankar og meiningar og delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar.</p>	<p>Praktiske oppgåver. Intervju. Lage ein munnleg presentasjon. Lære korleis ein bygger opp ein presentasjon. Lære om ulike hjelpemiddel ein kan nytte når ein presenterer. Korleis bruke stemme og kropp når ein presenterer. Øve på å vere ein god tilhøyrar. Lage eit skjema for kva som skal vurderast når ein har framføring.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Minipresentasjon• Vennevurdering• Større presentasjon om valfritt tema (tale)• Eigenvurdering
				<p>Lese og skrive</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive: Skildringar «vår skulestart»• Intervjue ein medelev, presenterer noko om han/henne• Kreativt: «fotosafari»• Etos, Patos og Logos <p>Tekstar: "Du må tenke sjæl" "Å være 15 år er som å gå på ski" "Eg har ein draum"</p>

Tema: Les for å lære


Periode: 38 - 39

Læringsmål:

- å bruke gode lesestrategiar før og medan du les
- å omarbeide det du har lese, slik at du hugsar det
- å finne gode kjelder

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i egne tekstar	<ul style="list-style-type: none">• Tekst i kontekst• Kritisk tilnærming til tekst• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping	<ul style="list-style-type: none">• Demokrati og medborgarskap <p>Gode lesestrategiar har ein bruk for i all tilnærming til tekst. Emnet er derfor viktig i alle fag. Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking og lærer seg å handtere meiningsbrytingar gjennom refleksjon, dialog og diskusjon. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevane innblikk i livssituasjonen og utfordringane til andre menneske. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan</p>	<ul style="list-style-type: none">• Utforske eigne lesestrategiar.• Skape innsikt i korleis ein lærer noko. Velje formålstenleg strategi.• Lære ulike strategiar, og jobbe med dei.• Jobbe med repeteringsstrategiar (minnestrategiar), utdjupingsstrategiar, organiseringsstrategiar og overvåkingsstrategiar.	<ul style="list-style-type: none">• Tekstsamtale• Teikneserie/ skjønnlitterær tekst• Utforskande samtale om tekstane i tekstsamlinga• Eigenvurdering
				Lese og skrive
				A-univers: <ul style="list-style-type: none">• “Rotter lærte å leike gøymeleiken”• “Pus treng deg for å kjenne seg trygg” Andre tekstar: <p>“Ispiken” m.fl.</p> <p>Skrive: lage teikneserie eller skrive skjønnlitterær tekst (Oppgåve om “møtet”)</p>

leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.



Tema: Skriv

Periode: 39 - 41

Læringsmål:

- å forklare kva ein kommunikasjonssituasjon er
- å vere klar over formålet med tekstane du skriv
- å gi og få respons på tekstar

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• Informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium• Bruke fagspråk og argumentere sakleg i	<ul style="list-style-type: none">• Munnlege kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping• Språket som system og moglegheit	Folkehelse og livsmeistring Skriving står fram som ein todelt kompetanse: elevane må meistre rettskriving, grammatikk og tekstbinding og dei må kunne skrive ulike teksttypar der form og innhald passar til formålet.	<ul style="list-style-type: none">• Lese• Skrive• Lage meme• Podcast• Jobbe med rettskrivingsoppgåver	<ul style="list-style-type: none">• Podkast• Matoppskrift• Jobbsøknad• Vennevurdering• Eigenvurdering
				Lese

diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema

- uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimenterer med sjangrar på kreative måtar
- lage samansette tekstar og grunngi val av uttrykksformer

I norsk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle evna elevane har til å uttrykkje seg skriftleg og munnleg. Dette gir elevane grunnlag for å kunne gi uttrykk for eigne kjensler, tankar og erfaringar, noko som er viktig for å handtere relasjonar og delta i eit sosialt fellesskap.

a-univers:

- Utdrag frå *Mareritt*
- Utdrag frå *Elvesang*
- Utdrag frå *Yatzy*

Eventuelle andre tekstar:

Tema: Les kritisk

Periode: 42 - 44

Læringsmål:

- å stille kritiske spørsmål
- å tenkje over truverdet til kjelder
- å lese med eit kritisk blikk

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none"> • Beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa 	<ul style="list-style-type: none"> • Tekst i kontekst • Kritisk tilnærming til tekst • Skriftleg tekstsaking Munnleg kommunikasjon 	<p>Demokrati og medborgarskap</p> <p>Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking og lærer seg å</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Lære elevane dei 9 spørsmåla ein kan bruke ei skal lese kritisk. • Jobbe med falske nyheiter, reklame og propaganda. 	<ul style="list-style-type: none"> • Debattinnlegg • Munnleg deltaking • Informasjonsplakat, • Nettvettsplakat • Reklame • Eigenvurdering

- bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i egne tekstar
- bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema

handtere meiningsbrytingar gjennom refleksjon, dialog og diskusjon. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevane innblikk i livssituasjonen og utfordringane til andre menneske. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.

- Lære å bruke «varseltrekanten»

Les og skriv
<p>a-univers</p> <ul style="list-style-type: none"> • “Ingeniørstudentar misunner meg for utdanninga mi” • Cezinando: “Håper du har plass” <p>Andre tekstar:</p> <p>Reklame</p> <p>Skriv: Debattinnlegg</p>

Tema: Fortel, fortel

Periode: 45 - 47

Læringsmål:

- å lese, utforske og samanlikne skjønnlitterære forteljingar
- å kjenne igjen og forklare mønster i nokre typar forteljingar
- å reflektere over kva vi kan oppleve, og kva vi kan lære av forteljingar
- å uttrykkje opplevingar og tolkingar av tekstar

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane	<ul style="list-style-type: none">• Tekst i kontekst• Kritisk tilnærming til tekst	Folkehelse og livsmeistring Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa kan både stadfeste og utfordre sjølvbiletet til elevane og dermed bidra til identitetsutviklinga og livsmeistringa deira.	<ul style="list-style-type: none">• Lese høgt• Lese stille• Møte litteratur frå ulike land• Diskutere tekstar• Samanlikne tekstar	<ul style="list-style-type: none">• Vennevurdering• Munnleg deltaking• Kort refleksjonstekst• Eigenvurdering
<ul style="list-style-type: none">• samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid• utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge				Les a-univers <ul style="list-style-type: none">• Bibelen - Gud skaper verden• Den eldre Edda - Voluspå• Kongsdottera som ingen kunne målbinde• Herremannsbruden• Den vesle jenta med svoelstikkene Andre tekstar: <ul style="list-style-type: none">•

Tema: Skriv ei forteljing

Periode: 48 - 1

Læringsmål:

- å forklare korleis vi byggjer opp ei forteljing
- å skrive forteljingar sjølv
- å bruke nokre vanlege litterære verkemiddel i forteljingar
- å vere ein god skrivepartnar

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium• uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg kommunikasjon• Språket som system moglegheit	<p>Folkehelse og livsmeistring</p> <p>I norsk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle evna elevane har til å uttrykkje seg skriftleg og munnleg. Dette gir elevane grunnlag for å kunne gi uttrykk for eigne kjensler, tankar og erfaringar, noko som er viktig for å handtere relasjonar og delta i eit sosialt fellesskap.</p>	<p>Elevane får innblikk i korleis dei kan arbeide med teksten i ulike fasar. Vi startar med idéfasen, med friskrivning og skrivepartnar. Temaet introduserer mange vanlege verkemiddel i forteljingar og går gjennom korleis forteljingar vanlegvis består av innleiing, hovuddel og avslutning og korleis desse delane kan byggjast opp.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Kort forteljing• Eigenvurdering• Opplesing av eigne og forteljingane til andre• Å skrive eit eige eventyr
				<p>Les og skriv</p> <p>a-univers</p> <ul style="list-style-type: none">• “Den gamle skomakaren”• “Øyvind, Marit og bukken”• Utdrag frå <i>Løven, heksa og klesskapet</i>

Tema: Skriv ein fagartikkel

Periode: 2 - 4

Læringsmål:

- kva ein fagartikkel er, og korleis han er bygd opp
- å bruke tema- og kommentarsetningar
- å skrive ein fagartikkel
- å bruke språket presist for å formidle fagstoff

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer• bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege	<ul style="list-style-type: none">• Kritisk tilnærming til tekst• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstsaking• Språket som system og moglegheit	<p>Demokrati og medborgarskap</p> <p>Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking og lærer seg å handtere meiningsbrytingar gjennom refleksjon, dialog og diskusjon.</p>	<p>I dette temaet lærer elevane å skrive ein ryddig og objektiv fagartikkel med utgangspunkt i femavsnittsmodellen, som består av innleiing, hovuddel og avslutning. Dei skal dessutan jobbe med korleis dei får til å skrive ein tekst med god samanheng, både språkleg og innhaldsmessig. Elevane vil derfor lære metodar for å strukturere innhaldet, i tillegg til at dei får kunnskap om korleis ein bruker bindeord og -frasar for at teksten skal bli god å lese. I tillegg blir andre nyttige skrivegrep gått gjennom, mellom anna temasetningar, kommentarsetningar og sirkelkomposisjon.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg deltaking• Rollespel• Vennevurdering• Skriv fagartikkel• Eigenvurdering

sjangrar og for ulike
formål tilpassa mottakar
og medium

Les og skriv

a-univers

- Straffe!?!?
- En kort kurs for ökad livskvalitet

Andre tekstar:

Tema: Fortel med ord og bilete

Periode: 5 - 6

Læringsmål:

- å fortelje med ord og bilete, og lese forteljingar med ord og bilete
- å kople teikneserieruter saman til ein heilskap slik at teikneserien gir mening
- å kjenne igjen dei typiske verkemidla i teikneseriar
- å bruke desse verkemidla til å lage din eigen teikneserie
- at teikneseriar kan brukast til å informere, formidle kunnskap og underhalde

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium• uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar• laga samansette tekstar og grunngi val av uttrykksformer	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstsaking• Språket som system og moglegheit	<p>Berekraftig utvikling</p> <p>Elevane skal utvikle kunnskap om korleis tekstar framstiller natur, miljø og livsvilkår, lokalt og globalt. Gjennom å møte tekstmangfaldet i faget, lese kritisk og delta i dialog kan elevane utvikle evna til å forstå og handtere meiningsmotsetningar og interessekonfliktar som kan oppstå når samfunnet blir endra i ei meir berekraftig retning. Faget norsk bidreg til å bevisstgjere elevane og ruste dei til å handle og påverke samfunnet gjennom språket.</p>	<p>I dette temaet og i tekstsamlinga får elevane møte ulike teikneserietekstar. Elevane får både lese og tolke teikneseriar, og produsere teikneseriar sjølv.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Bruksretteleing i teikneserieform• Eigen teikneserie• Utforskande fagleg samtale om teikneserien• Teikneserie om nyheitssak• Eigenvurdering
				<p>Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit</p>
				<p>a-univers</p> <ul style="list-style-type: none">• Askepotts søster

Tema: Fortel med ord og lyd

Periode: 7 – 8

Læringsmål:

- å forklare kva lyrikk betyr
- å kjenne igjen språklege bilete
- å forklare samanhengen mellom ord, lyd og framføring

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping• Kritisk tilnærming til tekst• Språket som system og moglegheit	<p>Demokrati og medborgarskap</p> <p>Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevane innblikk i livssituasjonen og utfordringane til andre menneske. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.</p>	<p>Elevane vil nok trekkje fram ein del engelskspråklege songar, medan vi, både i sjølve temaet og i tekstsamlinga, viser norskspråklege døme frå før og no. Tanken er å gi plass til og anerkjenne musikken og tekstane elevane set pris på, men samtidig utvide kjennskapen deira til norske tonesette dikt før og no og setje dei i kontekst.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Samtale om «Høgsongen» og «Gunerius»• Munnleg deltaking• Munnleg deltaking om songtekst• Kort tekst• Eige dikt, «femlinjer»• Framføring av eige dikt• Eiga diktsamling• Eigenvurdering

- samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid
- utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjon til unge
- uttrykkje seg i ulike sjanrar og eksperimentere med sjanrar på kreative måtar

Læringsressurs +
Vekas tekst og vekas nyheit

a-univers

- Haldis Moren Vesaas – Forlis?
- Jacob Sande - Likfunn
- Jacob Sande - Julekveld
- Alf Prøysen - Du skal få en dag i måra
- Odd Norstoga - Ein farfar i livet
- Anne Grete Preus - Når himmelen faller ned
- Elsk
- Kaizers Orchestra - Hjerteknuser
- Cezinando - Vi er perfekt men verden er ikke det

Andre tekstar:

Tema: Les ei bok, oppdrag bok

Periode: 10 - 12

Læringsmål:

- Opplive leseglede
- Lese mellom linjene
- Snakke om innhaldet i boka ein har lese

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• «Oppdrag bok» tek utgangspunkt i kompetansemålet «utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller unges livssituasjon».	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping• Kritisk tilnærming til tekst	Kjem an på kva for bok ein les. Demokrati om medborgarskap Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking og lærer seg å handtere meiningsbrytingar gjennom refleksjon, dialog og diskusjon. Lesing av skjønnlitteratur og sakprosa gir elevane innblikk i livssituasjonen og utfordringane til andre menneske. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.	Arbeid intensivt med høgtlesing, eigenlesing og samtale. TiB – metodikk Spørsmål som set i gang den litterære samtalen.	<ul style="list-style-type: none">• Logg• Personskjema• Biodikt• Bokmelding• Podcast om boka
				Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit
				<ul style="list-style-type: none">• Elevane får velje bok

Tema: Ei reise i språket

Periode: 16 - 18

Læringsmål:

- nemne nokre kjenneteikn ved ulike periodar i norsk språkhistorie
- gi døme på at språket i Noreg har vorte påverka av historiske hendingar i eldre og nyare tid
- trekkje linjer mellom dagens norsk og korleis ein snakka i Noreg i tidlegare tider
- forklare korleis vi fekk to likestilte norske målformer i Noreg

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til dei offisielle språka i Noreg i dag	<ul style="list-style-type: none">• Språkleg mangfald	Det kan vere naturleg å trekkje inn andre fag i samband med språkhistoria, som historie, litteraturhistorie og geografi.	Arbeidet med temaet gjerast både med vekt på forteljande moment, det vil seie referere frå oppslagsverk, fortelje segn eller eventyr, og det meir analytiske, det vil seie forklare endringsprosessar, til dømes: kvifor forsvann norrønt, eller kva konsekvensar fekk det at dansk var skriftspråket i Noreg mellom 1550 og 1830?	<ul style="list-style-type: none">• Diskusjon• Argumenterande tekst• Munnleg Samarbeidsoppgåve• Lesarinnlegg• Eigenvurdering
				Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit
				a-univers <ul style="list-style-type: none">• Solskjenken – samisk eventyr• Victor Hugo - Padden• Bjørnstjerne Bjørnson - Ja, vi elsker Andre tekstar:

Tema: Delta i debatten

Periode: 19 - 21

Læringsmål:

- å ytre dine egne meninger skriftleg og munnleg og å grunngi dei med passende argument
- å kjenne igjen ulike måtar å argumentere på
- å kjenne igjen dei retoriske verkemidla etos, patos og logos
- å ytre meninga di både skriftleg og munnleg om eit tema som opptek deg

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge• kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer• utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtaler, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• informere, fortelje, argumentere og	<ul style="list-style-type: none">• Tekst i kontekst• Kritisk tilnærming til tekst• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping• Språket som system og moglegheit	<p>Folkehelse og livsmeistring Demokrati og medborgarskap</p> <p>Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.</p> <p>I norsk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle dei munnlege og skriftlege retoriske ferdigheitene til elevane, slik at dei kan gi uttrykk for egne tankar og meninger og delta i</p>	<p>I dette temaet blir elevane kjend med korleis dei kan ytre sine egne meninger.</p> <p>Elevane lærer om ulike måtar å argumentere på og at ulike arguments-typar har ulik funksjon.</p> <p>Elevane blir kjende med begripe retorikk, og korleis talekunsten utvikla seg i antikken. Dei lærer om bruken av dei retoriske appellformene, etos (truverd), logos (fornuft) og patos (kjensler).</p> <p>Elevane skal også reflektere over korleis val av ord og uttrykk kan påverke ein bodskap, og dei blir kjende</p>	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg deltaking• Skriv eit lesarinnlegg• Munnleg deltaking• Appell• Eigenvurdering

<p>reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium</p>		<p>samfunnsliv og demokratiske prosessar.</p>	<p>med omgrep som plussord og minusord.</p> <p>Vidare blir dei klar over ulike sider ved å formidle ein bodskap, skriftleg eller munnleg, anten det er lokalt, nasjonalt eller globalt.</p> <p>Dei vil dessutan få trening i å ytre seg, både gjennom diskusjonar, appellar, lesarinnlegg og ved å lage plakat, i tillegg til at dei skal jobbe med kjende talar og lesarinnlegg.</p>	<p>Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit</p> <p>a-univers:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bør ungar velje lag sjølv gymtimen? <p>Andre tekstar:</p>
---	--	---	---	--

Tema: Delta på nett

Periode: 22 - 24

Læringsmål:

- å ytre dine egne meningar skriftleg og munnleg og å grunngi dei med passande argument
- å kjenne igjen ulike måtar å argumentere på
- å kjenne igjen dei retoriske verkemidla etos, patos og logos
- å ytre meninga di både skriftleg og munnleg om eit tema som opptek deg

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge• kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer• utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon• bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtaler, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema• informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for	<ul style="list-style-type: none">• Tekst i kontekst• Kritisk tilnærming til tekst• Munnleg kommunikasjon• Skriftleg tekstskaping• Språket som system og moglegheit	<p>Folkehelse og livsmeistring Demokrati og medborgarskap</p> <p>Gjennom kritisk arbeid med tekstar og ytringar øver elevane opp evna til kritisk tenking. Dette kan bidra til at dei utviklar forståing, toleranse og respekt for synspunkta og perspektiva til andre menneske, og det kan leggje eit grunnlag for konstruktiv samhandling.</p> <p>I norsk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle dei munnlege og skriftlege retoriske ferdigheitene til elevane, slik at dei kan gi uttrykk for egne tankar og meningar og delta i</p>	<p>Språkbruk og nettmobbing heng ofte saman, medvite eller umedvite. Mange elevar tenkjer ikkje over at det dei skriv eller måten dei skriv på, kan verke trakasserande eller sårande. Det er derfor viktig å arbeide grundig med dette, slik at elevane blir klar over at språket dei bruker når dei er på sosiale medium, kan bidra til nettmobbing. I arbeidet med temaet vil elevane kunne få eit meir medvite forhold til eigen språkbruk på nett, slik at måten dei kommuniserer på blir prega av respekt og saklegheit.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Munnleg deltaking• Film• Innlegg i sosiale medium• Munnleg presentasjon

ulike formål tilpassa mottakar og medium		samfunnsliv og demokratiske prosessar.		<p>Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit</p> <p>a-univers:</p> <ul style="list-style-type: none">• Jeg så deg på Insta• Ungdomsfødsel <p>Andre tekstar:</p>
--	--	--	--	---

Tema: Bruk språket, staving på norsk, bruk teikn

Periode: Jamt gjennom året

Læringsmål:

- Få innsikt i byggjesteinane i språket
- Øve systematisk på å forbetre språket sitt

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
<ul style="list-style-type: none">• skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål• bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar	<ul style="list-style-type: none">• Skriftleg tekstskaping• Språket som system og moglegheit		Dette temaet handlar om språket vårt, korleis det er bygd opp og kan brukast – system og funksjon. Elevane får innsikt i byggjesteinane i språket, og dei får høve til å øve systematisk på å bruke innsikta til å forbetre eiga skriving.	<ul style="list-style-type: none">• Oppgåver
				Læringsressurs + Vekas tekst og vekas nyheit
				<ul style="list-style-type: none">•

Tekstbase a-univers:

- Marjane Satrapi – Persepolis
- Osland og Midthun – Ivar Aasen – Ei historie om kjærleik
- Jeff Kinney – En pingles dagbok
- Linn Skåber – Ungdomsfødsel
- Jeg så deg på Insta
- Bibelen – Gud skaper verda
- Den eldre Edda – Voluspå
- Snorre Sturlason - Kongesogene
- Victor Hugo – Padden
- Leo Tolstoj – den gamle skomakaren
- Bjørnstjerne Bjørnson – Øyvind, Marit og Bukken
- C.S. Lewis – Løven, heksa og klesskapet
- Liten julenovelle
- Harald Rosenløw Eeg – Yatzy
- Recover del 1 og 2
- En ganske alminnelig flue av middels størrelse

- Ishavspirater
- Mareritt
- Elvesang
- Inn i elden
- Bare spille ball
- Askepotts søster
- Solskjenken – samisk eventyr
- Kongsdottera som ingen kunne målbinde
- Herremannsbruden – norsk folkeeventyr
- Midas gullkongen – gresk myte
- Vesle Raudhette
- Den vesle jenta med svovelstikkene
- Eg høyrer lite på musikk
- Guten som ikkje ville spele fotball, men gjorde det likevel
- Dei mjuke dyra
- Bør ungar velje lag sjølve i gymtimen?
- Ingeniørstudentar misunnet meg for utdanninga mi
- Et kort kurs för ökad livskvalitet
- Rotter lærte å leike gøymeleik

- Pus treng deg for å kjenne seg trygg
- Fotball utan grenser – Mohammed Salah og Egypt
- Straffe!?!?
- Jakob Sande – Julekveld
- Jakob Sande – Likfunn
- Haldis Moren Vesaas – Forlis?
- Anne Grete Preus – Når himmelen faller ned
- Cezinando – Vi er perfekt, men verden er ikke det
- Karpe – Generius
- Ein farfar i livet
- Du skal få en dag i mårrå
- Hjerteknuser
- Elsk
- Bjørnstjerne Bjørnson – Ja, vi elsker

Tekstbase andre kjelder: